

Høyring – utbygging av breiband i kommunen

*Selje Kommune vil søke om tilskot til utbygging av breiband i kommunen. Eit av krava i søknaden er at planen for utbygging skal vere til høyring i ein månad. Bedrifter og innbyggjarar som ynskjer uttale til høyringa må gjere dette **innan 21.mai**.*

Kommunen arbeider for at innbyggerane skal ha eit godt og stabilt tilbod om digital kommunikasjon både gjennom fast- og mobilnett. Det er bygd ut fiberbasert aksessnett i deler av kommunen, men dei aller fleste har eit aksessnett basert på ADSL og radiolinje med låg kapasitet og kvalitet.

Dagens samfunn baserer store deler av tenestetilbodet på at innbyggjarane har tilgang til internett. Sogn og Fjordane er det fylket i landet med dårlegast dekning av høghastigheits breiband. Utbyggingsbehovet i kommunane er stort.

For å betre situasjonen i kommunen vil Selje søke om finansiering til å bygge ut høghastigheit breiband til innbyggjarar, næringsliv og offentlige institusjonar i områder som i dag manglar eit tilfredstillande tilbod. Vi har valt å prioritere følgjande områder i første runde:

Pri.	Utbyggingsområde	Tal brukarar
1	Borgundvågen/ industriområdet	
2	Otneim/ Fløde	
3	Eide/ indre Moldefjorden	

Regjeringa har gitt Post- og teletilsynet I oppgåve å administrere tilskotsordninga. Kommunar og fylkeskommunar kan søke Post- og teletilsynet om støtte. Det vert ei utlysing i 2014, men vi forventar at ordninga vert forlenga.

I samband med søknaden vil vi invitere bedrifter og innbyggjarar til å komme med innspel i forhold til utbyggingsplan kommunen.

Frist for høyringa er 21 mai. Innspel kan sendast på e-post til post@selje.kommune.no og merkast "høyringsuttale breibandutbygging".